Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 | Fylke: Sogn og Fjordane
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Naustdal
Emne: Julenissen | Bygdelag. Tunnfjord
Oppskr. av: Elias Solheim | Gard: Solheim
(adresse): Naustdal Tunnfjord | G.nr. 106 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Julenissen.

1. Kor lenge har ein kjendt jolenissen som deler ut gåvor?
Nei, det veit eg ikkje aa tidfeste med rett.
Han som tok til aa dele ut jolegaaver er ikkje so gamal. Fyrst kom han vel paa jolekort, og heimane vart kjend med han soleis. So tok dei til aa herme etter han i sume heimar. Ein kvan kladde seg ut til jolenisse og kom med gaavor i ein sekk. Til undring for borni. Kring 1910-20 tok vel dette til. Paa festane kom han seinare, etter 1930, vil eg tru. Det var paa joletrefestar i skulestovone.

2. Alle jolegaavene eller berre visse slag --?
Naar jolenissen er ute og gaar med sekkjen sin, har han alle gaavene med seg som skal delast ut der i huset. Det vil segja dersom han høyrer huset til. Sameleis um han er leigd til gaa nisse hjaa grannen eller so, og det hender. Gaar han ut for eigi rekning, so har han alltid litt til alle. Han faar alltid eit kvart like burt i handi stukkje naar han gjeng ut att: eple, apelsin, kjeks eller anna stikkt som fyre fell.

3. Kven gaar jolenisse --?
Det kan vera so ymse med det. Ofte er det han far sjølv i huset. Drengen eller han storebror, um det høver so. Han skal helst vera stor og røseleg. Stasen er det mindre nøgje med. Maske med

16240

kvitt skjegg. Svart lang frakke, med belte av eit kvart ùvanleg. Stor halsklùt, same kva let han har. Röd topphùe eller graa. Lang stav med borken paa. Han höyrer nemleg til i haug og hamsar der ingen veit, og kjem vandrande yver berg og klaane

5. Maske - - - ?
Maska er heimelaga, til vanleg.

6. Jolebùkkane brùkar ikkje nisse maske.

7. Jolebùkkane delar ikkje ùt gaavor. Dei vil helst hava eit kvart. Det fær dei og. Daa er ein kvitt dei

8. Set ein nye nissen i sam band med gamlenissen tufsen, som fekk jolegraut?
Ja daa, Ja daa. Nisse er nisse og maa vera av same slegti

9. Minningar ùm jolegaavor som kom paa ein merkjeleg maate?
Nei, diverre eg har ikkje noko aa fortelja soleis.

Solheim i april 1961. E.H.S.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING